

Klager i saker om ettergiving av forseinkingsgebyr

Søk om ettergiving til Regnskapsregisteret

Dersom Regnskapsregisteret ikkje har motteke komplett årsrekneskap, årsmelding og eventuell revisjonsmelding innan innsendingsfristen, må eininga betale forseinkingsgebyr. Det kan søkjast om ettergiving av forseinkingsgebyret og/eller fritak frå solidaransvar for gebyret.

Rekneskapsregisteret behandlar slike søknader, og søknaden blir send til:
Rekneskapsregisteret, Postboks 900, 8910 Brønnøysund.

Dersom du får avslag på søknad - klage på vedtaket

Dersom Regnskapsregisteret avslår søknaden, kan du klage på vedtaket. Du må då sende klaga til Regnskapsregisteret for ny vurdering av saka. Dersom Regnskapsregisteret ikkje endrar vedtaket sitt, sender dei klaga vidare til oss på Statens innkrevjingsentral (SIN) som er klageinstans.

Gebyret må betalast, sjølv om du har lagt inn klage

Klaga har ikkje utsetjande verknad for innkrevjinga av forseinkingsgebyret. Innkrevjinga vil fortsetje uavhengig av klaga. Dersom klaga blir teken til følge, vil den innbetalte summen bli tilbakebetalt. Dersom du har spørsmål om innkrevjinga av gebyret, sjå informasjon om dette på SI si [heimeside\(www.sismo.no\)](http://www.sismo.no), eller ta kontakt med SI på tlf. 75 14 90 00.

Om klaga

- **Kven kan klage?**

Den rekneskapspliktige eininga, dei som er ansvarlege for eininga (styremedlem og dagleg leiar) og advokat/rettshjelper kan klage på vedtaket. Dersom nokon er representert ved ein fullmektig som ikkje er advokat, må det leggjast fram ei skriftleg fullmakt.

Rekneskapsførarar/revisorar kan også søkje om ettergiving/klage på vedtak om avslag dersom dei har fullmakt til dette gjennom oppdraget sitt.

- **Klagefrist**

Klagefristen er tre veker frå melding om vedtaket. Du må overhalde klagefristen. Dersom ikkje, blir klaga avvist. Det er berre i unntakstilfelle du får behandla klaga di dersom du klagar etter at fristen er stoppa. Dersom du ikkje overheld klagefristen, må du opplyse om årsaka til forseinkinga i klaga.

- **Klaga sitt innhald**

I klaga må det gå klart fram på kva grunnlag du ber om å få ettergitt forseinkingsgebyret og/eller fritak frå solidaransvaret, eventuelt kva du meiner er feil i Regnskapsregisterets vedtak. Opplysningane du gir må dokumenterast.

- **Dokumentasjon:**

Sjukdom

Sjukdom må dokumenterast. Det er ikkje tilstrekkeleg å leggje ved sjukemelding i staden for legeerklæring. Grunnen til dette er at sjukdomen sin karakter har tyding for kor streng aktivitetsplikta er. Dersom du for eksempel har brote beinet og er 100 % sjukemeld frå arbeidet ditt, er du ikkje fritaken frå å overhalde innsendingsplikta.

Dokumentasjonen må melde tidsperiode for sjukemelding og kor stor grad (%) du har vore sjukemeld. Ved langvarig sjukdom må det vere med opplysningar om helsetilstanden ved utløpet av innsendingsfristen. Ved langvarig sjukdom vil det også ha tyding om det har oppstått akutte forhold/forverring av helsetilstanden din like før innsendingsfristen.

Svak økonomi

For at ettergiving på bakgrunn av svak økonomi skal vere aktuelt, må du og evt. ektefelle/sambuar samla sett ha særdeles dårleg økonomi. Vi legg då vekt på formue, inntekt og framtidige inntektsalternativ.

Dersom du har alvorlege gjeldsproblem oppmodar vi deg til å søkje om gjeldsordning etter gjeldsordningslova.

Dersom økonomien din er førebels dårleg, vil forseinkingsgebyret ikkje bli ettergitt.

For at SI skal kunne vurdere om du har svak økonomi, må vi ha ei dokumenterte oversikt over inntektene og utgiftene dine. Dette inneber kopiar av likning for dei tre siste årene, lønsslipp/trygdeslipp, husleigekontrakt/terminavtale for bustadlån og eventuelle andre faste nødvendige utgifter.

Vilkår for ettergiving

Heimel for ettergiving er rekneskapslova § 8-3.

Forseinkingsgebyr kan ettergiast heilt eller delvis dersom det blir sannsynleggjort at forseinkinga skuldast *forhold utanfor rekneskapspliktig sin kontroll*, eller dersom *særlege rimelegheitsgrunnar* tilseier det. Også saker om fritak frå solidaransvaret skal behandlast i samsvar med reglane som gjeld for ettergiving.

Dersom det er fleire ansvarlege i eininga, vil det som regel vere utan tyding om det var vanskeleg for ein av dei ansvarlege å overhalde innsendingsplikta. Alle ansvarlege har ei plikt til å ferdigstille og sende inn rekneskapen.

- **"Forhold utanfor kontroll"**

Eit forhold blir rekna for å vere utanfor din (den rekneskapspliktige) kontrollen dersom du ikkje hadde moglegheit til å unngå for sein innsending. Når vi vurderer om vi skal ettergi gebyret, legg vi vekt på om du har gjort det som er rimeleg å forvente for å levere rekneskapen i tide.

- **"Særlege rimelegheitsgrunnar"**

Vilkåret særlege rimelegheitsgrunnar skal dekkje dei situasjonane kor ettergiving av forseinkingsgebyret står fram som det klart rimelegaste, for eksempel på bakgrunn av ein særleg vanskeleg sosial eller økonomisk situasjon. Forarbeida til rekneskapslova fastslår at det skal vere eit snevert tilgjenge til å få ettergitt forseinkingsgebyr. Føresegna er ein sikringsventil for å unngå at det blir openbert urimeleg å oppretthalde gebyret.

- **Typetilfelle**

Vilkåra for å få ettergiving er strengje. Nedanfor finn du eksempel på forhold som kan gi grunnlag for ettergiving og forhold som ikkje gir grunnlag for ettergiving. Ver klar over at dette ikkje er ei uttømmande liste.

Eksempel på forhold som kan gi grunnlag for ettergiving:

- Dokumentert sjukdom hos ansvarleg i eininga som har direkte samanheng med seinka innsending av årsrekneskapen
- Vedlegg eller rekneskap er beslaglagd av politi/likningsstyresmakter og er ikkje gjort tilgjengeleg etter førespurnad
- Dokumentert svak personleg økonomi, sjå nedanfor
- Tungtvegande sosiale omsyn, for eksempel alvorleg sjukdom i tillegg til dårleg økonomi, alvorleg sjukdom/dødsfall i nærmaste familie

Eksempel på forhold som ikkje gir grunnlag for ettergiving:

- Vankunne om gjeldande reglar
- Alder
- Sjukdom hos ein av fleire solidaransvarlege
- Eininga har eit velgjerande formål/ blirdrive på dugnad/driv ikkje næringsverksemd
- Selskapet er under avvikling
- Dårlig økonomi i eininga
- Lita eller inga drift i eininga
- Forhold ved rekneskapsførar/revisor sjåast som eit eit internt forhold
- Gebyret sin storleik
- Styrevervet er ein formalitet

Kva skjer dersom du får ettergiving?**Ettergiving**

Eit vedtak om å ettergi gebyret førar til at både eininga og alle dei som er solidaransvarlege blir friteke for betalingsplikta.

Fritak frå solidaransvaret

Fritak frå solidaransvaret inneber ei særbehandling av ein eller fleire av solidarskuldnar og fører ikkje til at gebyret som slik blir ettergitt.

Heimlar

Lov av 17. juni 1998 nr. 56 om årsrekneskap mv. (rekneskapslova).

Forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av rekneskapslova av 17. juni 1998.

Lov av 10.02.1967 om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova).